

***Tiltaksplan 2010-2011 (med utgangspunkt i Kvalitetsplan 2010-2014)***  
***SKOLE: Ulstein vg.skule.***

<b><i>Kvalitetsområde: Tilpassa opplæring som grunnlag for meistring</i></b>	
<b>Tiltak: (det vert vist til rapport på skolen sin Handlingsplan 2009 – 2010)</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>
- Skolen skal halde fram med kartlegging av alle VG 1 elevar som grunnlag for tilpassa opplæring.	Kartlegginga skal gjerast ved starten av skoleåret for alle Vg 1 elevane. Skolen må legge meir arbeid og systematikk i oppfølginga av kartlegginga, og sikre og dokumentere at dette reint faktisk vert gjort. – Ansvar for oppfølging: Avdelingsleiar 2 (Vik El), rådgjevarane.
- Skolen skal utvikle eit system som sikrar ein god samanheng mellom kartlegginga og oppfølging av einskildeleven både på kontaktlærarnivå og på faglærarnivå	Det er naturleg at klasselærarrådet vert ei viktig brikke i dette arbeidet, og at kontaktlærer, saman med rådgjevar og event. PPT, får ansvaret for oppfølging og dokumentasjon. Det må utarbeidast eit elektronisk skjemagrunnlag som sikrar reell tilrettelegging og oppfølging. – Ansvarleg for oppfølging: For skjemagrunnlag: Ass. rektor/dataansvarleg. For oppfølging forøvrig: Avdelingsleiar 2/rådgjevarane.
- Skolen skal utvikle system og praksis som sikrar god gjennomføring / gjennomstrøyming av skolen sine elevar.	Skolen har totalt sett svært god gjennomstrøyming. Likevel skal det førebyggjande arbeidet retta mot elevar som "sliter", styrkast. Kontaktlærer sitt hovudansvar her skal presiserast nærare i skolen sin kontaktlærarinstruks. – For å betre skolen sitt arbeid på systemnivå, søker skolen om midlar til å vere med på det nasjonale OU-prosjektet " <i>Tettare oppfølging av elevar i vg. opplæring</i> ". – Ansvarleg for oppfølging: Leiinga/R-teamet.
<b><i>Kvalitetsområde: Inkludering og medverknad</i></b>	
<b>Tiltak: (det vert vist til rapport på skolen sin Handlingsplan 2008 – 2009).</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>

<p>- Skolen skal ha eit system for tilbakemelding og rettleiing til elevane som del av undervegsvurderinga utan karakter.</p>	<p>Det vert vist til rapport på skolen sin Handlingsplan for 2009 – 2010. Systemet er rimeleg godt innarbeidd i skolen sine rutine, men skolen må bruke meir tid skoleåret 2010 – 2011 på dokumentasjonsproblematikken. Her ser ein føre seg ei elektronisk løysing på <i>It's learning</i>. Hovudutfordringa vil likevel verte å utvikle ein felles vurderingskultur som gir elevane god informasjon og rettleiing i høve kriteria for god undervegsvurdering, dvs. god og systematisk kontakt/dialog mellom skole og elev. Leiinga og ped. personale må nytte seg av både fellestid og individuell tid i dette arbeidet (jf. Lokal Arbeidstidsavtale). – Ansvarleg for gjennomføringa: Rektor/avdelingsleiarane.</p>
<p>- Sikre at elevane får høve til å delta i vurdering av eige arbeid.</p>	<p>Med grunnlag i ny vurderingsforskrift (revisjon i 2009 ), vil det vere naturleg for skolen å ha hovudfokus på vurdering i vid forstand også skoleåret 2010 – 2011. Skolen har allereie starta ein prosess kring ”kjenneteikn for måloppnåing”, og det vil vere naturleg å halde fram med denne prosessen. Arbeidet må påreknast å vere tidkrevjande, og bør avgrensast i omfang. Dette arbeidet vil vere svært relevant både i høve utvikling av gode vurderingsrutine, og i høve felles forståing av dei nye læreplanane. Dessutan vil det, gjennom styrka kontakt med elevane kring grunnlaget for evaluering/måloppnåing, også vere med på å styrke elevane sine rettar kring elevmedverknad. Skolen vil difor arbeide meir systematisk med å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Betre samarbeidet/samhandlinga kring vurdering, både mellom faglærarane internt for å sikre eit mest mogeleg felles vurderingsgrunnlag i fagmiljøa, og i høve elevane, td. gjennom ”elevretting” (dvs. at elevane vurderer eigne prestasjonar som ein lekk i skolen sitt systematiske vurderingsarbeid), og for å styrke elevane sine rettar i høve elevmedverknad. Avdelingsleiarane får ansvaret for å følgje opp arbeidet innan sine fagseksjonar.</li> <li>• Bruk av karakterstatistikk på klasse/gruppenivå for å sikre ei einheitleg tilnærming til vurdering på fagnivå (større avvik vert drøfta i klasselærarråd). Avdelingsleiarane få fullmakt til å følgje opp dette arbeidet på fagseksjonsnivå.</li> <li>• Bruk av karakterstatistikk på meir overordna nivå som grunnlag for drøfting ved større avvik. Saman med regional og nasjonal statistikk, arbeider skolen sjølv med årleg utarbeiding av eige statistisk grunnlag for slikt arbeid. Også dette arbeidet bør vidareutviklast på fagseksjonsnivå.</li> <li>• Den kompetanse og erfaring som skolen sine sensorar til skriftleg eksamen har fått med seg gjennom sitt sensorarbeid bør systematiserast og utnyttast betre i skolen sitt løpande vurderingsarbeid. – Ansvar for oppfølging: Avdelingsleiarane.</li> </ul>

Sikre at elevane kjenner til vurderingskriteria (kjenneteikn på måloppnåing i fag).	Som ovanfor.
Ha eit system for sluttvurdering som sikrar at elevane får vist eige meistringsnivå.	Som ovanfor.
<b>Kvalitetsområde: Samarbeid og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa</b>	
<b>Tiltak:</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>
Vidareutvikle samarbeidet med eksterne aktørar, både direkte med einskildverksemder, og gjennom prosjektet <i>Læring på felles arena</i> . Innafor denne ramma vil skolen også vere med i utprøving av <i>Lektor 2 – ordninga</i> skoleåret 2010 – 2011.	Partane vil auke grunnlaget og forutsigbarheita i samarbeidet gjennom å vidareutvikle eit forpliktande årshjul. Årshjulet må vere konkret i høve partane sine oppgåve, og må forplikte partane. Ved starten av kvart skoleår tar skolen initiativ til revisjon/rullering av Årshjulet. Lektor 2- ordninga vert integrert som ein lekk i Årshjulet. – Ansvar for oppfølging: Avdelingsleiar 3 (Top Kar).
Etablere eit fastare og meir forpliktande samarbeid med grunnskulen, både lokalt og regionalt, først og fremst gjennom eit forpliktande samarbeid knytt opp mot faget Utdanningsval i Ungdomsskulen.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skolen skal stille naudsynte ressursar til disposisjon slik at ungdomsskolane får gjennomført den delen av faget Utdanningsval som er knytt opp mot vg. skule (jf. skriv frå fylkesutdanningssjefen til kommunane/dei vg. skulane om premissane for slikt samarbeid).</li> <li>- Saman med dei andre vg. skulane på Søre Sunnmøre, skal Ulstein vg. skule samarbeide både med fylkeskoordinator og regional koordinator karriererettleiing for å få til eit mest mogeleg koordinert opplegg for elevane.</li> <li>- Saman med Volda vg. skule og Høgskulen i Volda, skal Ulstein vg. skule gjennomføre eit OU- prosjekt (det er søkt om sentrale OU-midlar) for ”etablering av partnarskap/karrieresenter i regionane”.</li> </ul>
Skolen skal hjelpe elevar på yrkesfag til å få seg lærlingeplass.	Skolen er godt i gang med dette arbeidet, men arbeidet bør betre sytematiserast og dokumenterast. Ansvar for oppfølging: Avd. 1. 1 (Rin Bå), Avd. 1. 3 (Top Kar).
<b>Kvalitetsområde: Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling</b>	
<b>Tiltak:</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>

<p>Utarbeide kompetanseplanar for skolen som organisasjon, og for den einskilde medarbeidar, som eit resultat av skolen sitt samla kompetansebehov.</p>	<p>Kartlegginga vart i hovudsak gjort i slutten av skoleåret 2008 – 2009 og gjennom heile skoleåret 2009 - 2010. Dette arbeidet vil verte kvalitetssikra og nytta som grunnlag for medarbeidarsamtalar hausten 2010. Materialet vil verte nytta til å utarbeide ein kompetanseplan for heile verksemda, der verksemda sitt behov for framtidig kompetanse vil verte eit sentralt element. Denne planen vil så verte lagt til grunn for medarbeidarane sine søknadar om kompetanseutviklingsmidlar. – Ansvar for oppfølging: Leiinga.</p>
<p>Auke skolen sin IKT kompetanse i alle ledd i samsvar med skolen sin <i>IKT strategiplan</i> for perioden 2009-2011.</p>	<p>Både elevane og dei tilsette sin IKT kompetanse aukar kvar einast dag gjennom dagleg bruk. Partane har etter kvart skaffa seg relativt god kompetanse på program- og maskinvare. Hovudfokusområde for skoleåret 2010 – 2011 vert difor fagleg-pedagogisk bruk av IKT, dvs. korleis skolen nyttar seg av IKT som grunnlag for optimal læring, både for elevane og for personalet for øvrig. Målet må vere å kunne framstå mest mogeleg i tråd med målsettinga: <i>Ulstein vg. skule – kreativ, reflektert og kritisk</i>. – Ansvar for oppfølging: Leiinga/ass. rektor.</p>

*Tiltaksplan 2010 – 2011* skal leggest ut på skolen si heimeside innan 15. juli 2010.